



# NYTT UNDER STOREN 1-21

## Internavis for Luster kommune

### Gode medarbeidar

Det kommunale årshjulet tilseier no sommarferie og rådmannen er kommen litt på etterskot med feriehelsinga – men likevel, god ferie til dei eg nær.

Det er likevel slik at informasjonen her ikkje er ferskvare, noko kjem gjerne for seint, men forhåpentlegvis så er her nyttig informasjon om saker og ting som vil møta oss framover, når me tek opp igjen arbeidsdagen og etter ferien.

Mange signal tyder no på at Covid 19. er under bra kontroll og at meir og meir av smittevernstiltaka kan avviklast/lempast på. Me ser fram mot ei normalisering. Så og her i kommunen. Sjølv om det har vore mykje ekstra så har me vore både dyktige og heldige. Stor takk til dei som står på og har vore i bresjen for å takla desse utfordringane.

Mange kommunale tenester må vere på plass også gjennom sommaren, bemanning og vikarsituasjonen er krevjande, og det er ikkje enkelt å dekka opp og ekstra vanskeleg på nokre område i ferietida. Rekruttering er og vert eit heilt sentralt tema i tida som kjem.

Rekruttering vil og bli eit sentralt tema i kommuneplanarbeidet, Kommuneplanens Samfunnsdel, som er under arbeid. Her skal me drøfte og peike ut retning og prioriteringar for kommunen, opp og fram, gjerne i eit 10-12 års perspektiv. Ta gjerne del i dette arbeidet.



Jarle Skartveit  
Rådmann

### Status frå 2020 over i 2021 og framover til 2022

2020 gjekk over i historien som eit svært spesielt år. Eit unormalt år med endringar/ svingingar me ikkje har sett makin til i Luster kommune. Tre ganger K – Korona, kraft og kapital var sentrale stikkord.

Via rekneskap og årsmelding, har me oppsummert 2020. Rekneskapstala for 2020 syner netto mindreforbruk i drifta i høve det budsjetterte. Samla resultat, med netto driftsresultat på 24 million kroner, er svært tilfredstillande, og langt betre enn det rådmannen ein periode frykta. Rådmannen får unnskyldde seg med at det lenge var veldig usikkert og då er det gjerne naturleg å tenkje litt «worst case.»

Årsrapporten, syner rimeleg godt samsvar med det budsjetterte når det gjeld tenester og oppgåveløysing. I den kommunale drifta så brukte me mykje godt dei budsjetterte midlane som planlagt. Det vart gjort mykje godt arbeid og i ein utførleg årsrapport, som de finn på heimesida, er dette dokumentert. Rådmann takkar for vel utført arbeid.

Resultatet vart prega av at me i stor grad har handtert korona innan dei budsjetterte rammene, løns- og pensjonsoppgjør vart vesentleg rimelegare enn det budsjetterte og finansinntektene, gevinst på aksjefonda, gav stor verdiauke. Det er berre kraftinntektene frå straumsal som svikta, dog noko kompensert med at eigedomsskatten på kraft-området i 2020 fekk ei positiv utvikling utover det budsjetterte. Me har no to år med gode økonomiske driftsresultat i kommunen. Dette gir ein grei driftsbalanse, det gir oss handlingsrom, eigenkapital og evne til handtere prioriterte investeringar utan at lånegjelda vert for krevjande.

Sjølv om me inn i 2021 ser noko auka press på driftsøkonomien med eit normalt løns- og pensjonsoppgjør og litt dårlegare Koronakompensasjon så er det kraftinntekter og økonomisk utvikling på fonda/reservane våre som veg opp dette og tyder på at driftsbalansen og for 2021 vil bli god.

Med dette som grunnlag skal me nå ta tak i budsjett og øp-arbeidet for 2022 og åra framover.

Me har etter rådmanen si vurdering eit litt betre utgangspunkt enn tidlegare år noko som gir rom for litt større drøftingar. Det kan ev vere handlingsrom omkring korrigeringar, tilpassing og mindre satsingar inn mot drifta. Dette må så målast og vurderast opp mot prioriteringar i investeringsplanen og engasjement i utviklings- og næringsarbeid.

Det er føresett at formannskap/kommunestyret tidleg i september gir nærmere føringer for dette arbeidet.

# PERSONALNYTT

Byrja og slutta i Luster kommune (fast tilsette),  
perioden 01.01.2021 - 31.07.2021

## Velkomen!

**Luster ungdomsskule**  
Knut Hauge, rektor

**Hafslo omsorgssenter**  
Tora Uglum, helsefagarbeidar

**Gaupne omsorgssenter**  
Anna Therese Mork, sjukepleiar

**Luster omsorgssenter**  
Rannveig Gunvordal Flatland,  
miljørarbeidar/assistent  
Kristine Yttri, helsefagarbeidar

**Grandmo miljøtenester**  
Tom Fransen, miljøterapeut  
Rune Fosse, assistent  
Morten Andre Yttri, fagarbeidar  
Rafal Kristian Grybos, assistent

**Helse**  
Torill Neverdal, bioingeniør

**NAV/Folkehelse**  
Armando Navarro, miljørarbeidar

**Personal/arkiv**  
Mona Jacobsen, konsulent

**Teknisk drift**  
Rafal Kristian Grybos, reinhaldar

**Eigedom**  
Eirik Byrkjeland, VA-ingeniør

**Plan**  
Karina Thorkelsen Kleven,  
ingeniør/byggjesakshandsamar

## Takk for innsatsen!

**Tenestekontoret**  
Aage Fjøsne, konsulent

**Luster omsorgssenter**  
Valgot Skjerven, hjelpepleiar  
Ruth Berit Johnsen Heltne, aktivitør  
Marion Fosse Nummedal, sjukepleiar  
Anne Marie Fuhr, sjukepleiar

**Gaupne omsorgssenter**  
Henny Karin Molland Skildheim,  
hjelpepleiar  
Olav Martin Listou, hjelpepleiar  
Aud Berit Njøs Listou, assistent  
Emilie Kriens Velthuijs, sjukepleiar

**Grandmo miljøtenester**  
Elbjørg Ragny Øygarden Buskaker

**Jostedal oppvekstsenter**  
Ruth Helgestad, lærar

**Landbruk og naturforvaltning**  
Magnus Snøtun

**Eigedom**  
Jarle Systad, ingeniør  
Ingrid Marie Slinde, ingeniør

**Rådhuset/sørvistorget,  
personalavdelinga**  
Kari Hunshamar Bjørnetun,  
førstesekretær  
Karin Johanna Lingjerde Leirdal,  
konsulent  
Gunvor Kjos-Wenjum, rådgjevar

**Teknisk Drift**  
Camilla Lomheim, reinhaldar



## Tilsynssaker i barnehagane i Luster kommune:

Miljøretta helsevern i Sogn har gjennomført tematilsyn på klang og støy i alle barnehagane.

Avvik og merknader som følge av tilsynet blir følgt opp. Dette går m.a. på etterklang/støy i rom, lystilhøve i leikeareal, belysning og støy/ventilasjon.

## Bedriftstrening for tilsette:

Korona-pandemien sette ein stoppar for bedriftstreningsa.


Me håpar den kan starte opp att etter haustferien 2021 – informasjon kjem til hausten.

## Bedriftshelse- tenesta:

Aktiviteten i 2021 har vore prega av pandemien.

I løpet av november/desember skal me i samarbeid med Avonova gjennomføre helseundersøking for alle tilsette ved teknisk drift – kommunale arbeidarar, vaktmeistrar og reinhaldarar.

## Korona:



Smittesituasjonen i Luster har vore og er bra og vaksinasjonen er godt i gang.

Viruset har påverka alle tilsette med tiltak og rutinar – og slik er det framleis.

**Handvask, spriting, avstand  
og hosting i albogekroken er  
framleis viktig!**

## Heiltidskultur – kartlegging i omsorgstenestene våren 2021:

21 fast tilsette i omsorgstenestene registrerte seg med ynskje om auka stilling.  
14 av dei registrerte ynskjer auke til 100% stilling.


Resultata av kartlegging er sendt ut til einingsleiarane.

**Hugs at sjølv om du har registrert deg med ynskje om auka stilling så må  
du søkje på utlyste stillingar på vanleg måte.**

# KOMPETANSE/REKRUTTERING

## KVALITETSARBEID

### ORGANISASJONSUTVIKLING



## Innkjøp

Luster kommune handlar årleg inn varer og tenester for rundt 120 millionar kr. I tillegg vert det investert for rundt 80 millionar kr årleg i nybygg, anlegg og utstyr. Dette er eit vesentleg beløp og kommunen er plikta å gjera desse innkjøpa i samsvar med lov om offentlege anskaffingar. Det er derfor sett saman ei gruppe på rådhuset som jobbar systematisk med innkjøp.

Gruppa har hittil jobba med å få ein oversikt over innkjøpa våre, lage ein plan for kva konkurransar som må prioriterast og hjelpe einingane med å gjennomføre konkurranse når dei skal gjera enkeltinnkjøp eller må ha på plass ein rammeavtale. Framover vil me i tillegg jobba med korleis informasjon om avtalar og rutinar best skal delast med alle tilsette. Luster kommune er med i innkjøpssamarbeidet i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn. Kinn kommune driftar dette samarbeidet.

Ein gjennomgang av leverandørane våre, viser for det første at me har svært mange, der mange berre vart nyttar ein eller to gonger i 2020. Vidare ser me at nokre leverandørar sender oss svært mange faktura, der fakturabeløpet kan vera heilt nede i berre nokre øre.

Vår bodskap til dei som gjer innkjøp blir:

1. Bruk rammeavtalane våre
2. Planlegg innkjøpa dine – handle gjerne inn meir og sjeldnare, der det er praktisk mogleg
3. Be din leiar om å ta kontakt med innkjøpsgruppa om du skal gjera vesentlege enkeltinnkjøp

Einingsleiarane vil fortløpande verta oppdaterte på endringar, nye avtalar og liknande.

## MS 365 og Teams

Luster kommune vil innføre Microsoft Office 365 frå medio september. Skulane er allereie på denne løysinga. MS 365 er eit samhandlingsverktøy, ikkje sakhandsamingsverktøy – og inneholder programma du kjenner frå før (outlook, Word, Excel, Powerpoint) og det du treng for kommunikasjon (chat), lagring, møter (Teams) og samarbeid.

Mål med å innføre MS 365 er å få betre samhandling internt og eksternt – der me kan chatte, ha møter, dele filer og arbeide i felles programvare. Det blir gjennomført opplæring ut over hausten.

## KS Læring

Kommunen ønskjer å kople seg på KS Læring som er ein kompetanseplattform og ei løysing for deling av kunnskap og kompetanseheving for tilsette i kommunal sektor. KS Læring vert drifta og forvalta av Digitale fellestjenester i KS og er ein e-læringsportal. På portalen kan me dele våre eigne kurs med andre på same vis som me kan bruke kurs som andre har laga. På KS Læring finn me nettkurs og ressursar til fritt bruk, og det fine er at tilsette kan ta nettkursa kva tid dei vil og kvar dei vil. Det er tilgang til rutinebeskrivelsar, opplæring i systembruk, førelesingar og strategidokument mv.

Du kan også finne kurs som er laga av statlege direktorat eller organisasjoner, relevant for kommunal sektor. Eit eksempel på dette er klarspråkskurset «Den gyldne pennen» som er laga av Språkrådet og Digitaliseringsdirektoratet.

Leiarar har tilgang til rapportar over eigne tilsette, og kan til dømes finne informasjon om kva for kurs tilsette har gjennomført, kven som har tatt eit spesifikt kurs og eventuelt når ein må ta ei re-sertifisering.

Luster kommune vil i løpet av sommaren signere avtale om bruk av KS Læring.

## Digitalisering av arkiv - lettare tilgjengeleg informasjon

Arkivtenesta og sakhandsamarane på landbruk, plan og eigedom brukar mykje tid på å leita i historiske arkiv for å hjelpe innbyggjarane våre og til eiga sakhandsaming. For å gjera dette arbeidet lettare og mindre resurskrevjande, har me starta eit større digitaliseringprosjekt. I vår vart byggesaksarkivet og gards- og jordlovsarkivet på landbruk for perioden 1964-2015 digitalisert.

Til hausten er teknisk etat sitt sakarkiv, og mellom anna arkiv for gards- og grendaveg og skogsvegar for same tidsperioden også digitalt tilgjengeleg for sakhandsamarane.

På sikt skal deler av arkiva også bli gjort tilgjengeleg for ålmenta slik at alle lettare kan finna offentleg informasjon. Etter digitalisering blir arkiva deponert til Fylkesarkivet på Leikanger.

Målet for prosjektet er:

- Lettare tilgang sparar tid og ressursar for sakhandsamarane
- Auka service til innbyggjarane
- Frigje plass og tid for arkivtenesta

## I haust blir det endringar hos personalavdelinga:

Me skal vekk i frå papir, og frå 01.01.22 skal det ikkje vere noko manuell registrering hos personalavdelinga.

Me skal digitalisere personalmeldingar, timelister og reiserekningar.

**Personalmelding** er ei bestilling på ei endring, det kan for eks. vera ny tilsett, endra stilling, eller avslutta arbeidstilhøve.

Både personalmelding, timeliste og reiserekning er kopla direkte til HRM.

Når meldinga har gått saksgang og er godkjend i alle ledd er stilling og løn automatisk oppdatert.

Leiarar, personalavdeling og tilsette får ein enklare kvardag, meir oversikt og kontroll.

## Lærlingar i Luster kommune:

Våren 2021 søkte 28 om lære plass i Luster kommune.


Sommaren/hausten 2021 startar det heile 8 nye lærlingar i Luster kommune i fylgjande faq:

- Dataelektronikk (1) – Anine Sanden Kvåle
  - Helsearbeidarfaget (4) – Ifrah Abdirahman Abdullahi, Kristine Fardal Norheim, Mina-Christine Tangerud Ølnes, Martine Goldmann Kvamme
  - Barne- og ungdomsarbeidarfaget (2) – Helle Kristin Hillestad, Ailen Norheim Ekrene
  - Kontor -og administrasjonsfaget (1) - Emma Stegegjerde Uglum

I tillegg har me 4 lærlingar som no er om lag halvveges i læretida si.

**6 lærlingar har gjennomført og klart fagprøven vinteren/våren 2021:**

- Marte Moen Heggestad – helsearbeidarfaget
  - Kristine Yttri - helsearbeidarfaget
  - Synnøve Kuld Heimlid – barne- og ungdomsarbeidarfaget
  - Amalie Forthun Grøthe – kontor og administrasjonsfaget
  - Ådne-Sigurd Frantzen Leirdal, ikt -og sørvisfaget
  - Tobias Holme Frækaland – dataelektronikk faget



*Amalie Forthun Grøthe*

Sjukefråvær Luster kommune samla:



## Gjennomførte tiltak:

- Kostra rapportering
  - Rekneskap og årsmelding (frå einingane)
  - Rekneskap og årsmelding (rådmannen)
  - Leiardialogen
  - Kvartalsrapport 1
  - Medarbeidarsamtalar
  - Vernerunde

## Komande tiltak:

- Halvårsrapport
  - Introduksjonsseminar
  - Kvartalsrapport 2
  - Budsjett, planprogram, økonomiplan
  - Rekneskap (des)
  - Årsrapport (2021)

Alle lærlingar i Luster kommune får ein fagleg ansvarleg som skal følgje opp lærlingen i læretida. Lærlingen får og nemnt opp instruktørar alle stader han er - som lærlingen arbeidar med i det daglege.

Denne gjør ein viktig jobb både for lærlingen og Luster kommune!

Inntak av og opplæring av lærlingar er ein del av rekrutteringa framover i Luster kommune.